



## Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 05.09.2019  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 13:30 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalseiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Neset	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Håvard Engeseth	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
009/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/2019	Godkjenning av møteprotokoll
011/2019	Orienteringssaker
012/2019	Søknad om tilskot til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr

**Notat frå møtet:**

009/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

010/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

011/2019: Orienteringssaker

Behandling:

Ingen orienteringssaker

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

012/2019: Søknad om tilskot til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr

Behandling:

Landbrukssjef Laila Bjørge og søkar Frank Stian Steinland orienterte om søknaden og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr 2 430 900,- i tilskot til Frank Stian Steinsland til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr på GBNR 78/2 på Nedre Helland. Godkjent kostnad er 7,3 million. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad m/vedlegg

Vilkår for utbetaling:

1. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgatte dokumenterte kostnader.
  2. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.
  3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlauf av fristen.
  4. Tilskot kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
-